

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Fylkesrådmannen

**HANDSAMING AV KLAGE
OVER ENKELTVEDTAK
ETTER FORVALTNINGSLOVA
OG SÆRLOVER**

HANDBOK

Utarbeidd i desember 1994. Revidert i juni 1995, juli 1998 og mai 2006

HANDSAMING AV KLAGE OVER ENKELTVEDTAK ETTER FORVALTNINGSLOVA OG SÆRLOVER

HANDBOK

Utarbeidd i desember 1994. Revidert i juni 1995, juli 1998 og mai 2006

Arkivsaknr 05/02589

FØREORD

Med iverksetjinga av den nye kommunelova frå 1.1.93 vart det innført klagerett over kommunale vedtak ved at forvaltningslova § 28 vart gjort gjeldande for kommunane også. Fylkesrådmannen har tidlegare informert om dette i rundskriv nr 1/93.

Vi vil i denne handboka gi ei praktisk vegleing i førebuing av klagesaker slik at det vert enklare å førebu sakene skritt for skritt. Førebuinga kan vere komplisert då der er mange formalitetar som skal ivaretakast og mange lovreglar å forholde seg til. I tillegg til teksten er det laga ein del mønsterbrev og malar som skal brukast. Desse inneheld eit minimum av det som skal vere med. Fylkesdirektørane/institusjonane kan sjølv supplere breva med det dei finn nødvendig å ha med.

For den som ønskjer meir litteratur om forvaltningsklage, viser vi til:

- Kommunal- og arbeidsdepartementet si vegleing om intern klage i kommunar i rundskriv H-12/94.
- Kommunenes Sentralforbund 2005 ”Kommunalrett – regelverk og praksis.”
- Overå og Bernt: Kommunelova med kommentarar, 2001.

Denne handboka skal også nyttast ved handsaming av klager som går etter særlovgivinga. Der er det ein del særreglar ein må vere merksam på, dette gjeld særleg klage med heimel i opplæringslova. I denne utgåva av handboka er det difor skrive eit eige kap V om klagerett for elevar og lærlingar.

Fylkesrådmannen mai 2006

INNHALD**SIDE**

KAP I - HEIMELEN FOR KLAGE	5
KAP II - KVA VEDTAK SOM KAN PÅKLAGAST – ENKELTVEDTAK	5
1. Klagerett – enkeltvedtak.....	5
2. Melding om vedtaket og klagefrist.....	5
3. Mindretalsanke.....	6
KAP III - KLAGEINSTANS	6
KAP IV - SAKSGANGEN I KLAGESAKER	7
1. Klagefrist.....	7
2. Klaga - adressat, form og innhold.....	7
3. Førebuing av klagesak.....	7
3.1. Varsel til motpart.....	7
3.2. Handsaming i underinstansen.....	7
3.3. Kva organ er underinstans.....	8
4. Handsaming i klageinstansen.....	9
4.1. Klageinstansen si handsaming og kompetanse.....	9
4.2. Klageinstansen sitt vedtak.....	9
4.3. Melding om vedtaket.....	10
KAP V - KLAGERETT FOR ELEVAR OG LÆRLINGAR	10
1. Klagesystem – klageinstans.....	10
2. Vedtaket – skriftleg melding – grunngiving.....	12
3. Saksgangen i klagesaker.....	13
4. Handsaming i klageinstansen.....	14
KAP VI - HABILITET	15
KAP VI I - ANDRE SPØRSMÅL I KLAGESAKER	16
1. Utsett iverksetjing.....	16
2. Dekking av sakskostnader.....	16
3. Innsynsrett i saksdokumenta.....	16
VEDLEGG:	
- Mønsterbrev nr 1.....	17
- Mønsterbrev nr 2.....	18
- Melding om klagerett.....	19
- Mønsterbrev nr 3.....	20
- Mal nr 1.....	21
- Mønsterbrev nr 4.....	22
- Mønsterbrev nr 5.....	23
- Mal nr 2.....	24
- Mønsterbrev nr 6.....	25

KAP I – HEIMELEN FOR KLAGE

Forvaltningslova § 28 er den generelle heimelen for klage over enkeltvedtak i den offentlege forvaltninga.

Ein del lover har særreglar om klagerett som gjeld i tillegg til eller i staden for forvaltningslova. Dei mest aktuelle lovene er yrkestransportlova med forskrift, opplæringslova med forskrift og veglova. Desse særreglane kan vere innfløkte, særleg reglane i opplæringslova med forskrift. I denne handboka er det difor laga eit eige kapittel om klagerett for elevar og lærlingar, sjå kap V.

KAP II - KVA VEDTAK SOM KAN PÅKLAGAST - ENKELTVEDTAK

1. Klagerett - enkeltvedtak

Klageretten gjeld berre enkeltvedtak, dvs vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar, jfr forvl. § 28, 1. ledd og § 2, 1. ledd. Det er ikkje klagerett over vedtak av generell art, t.d. om oppretting av eit nytt drosjeløyve eller nedlegging av ein klasse eller institusjon.

Det er ikkje alltid lett å avgjere om eit vedtak er enkeltvedtak. Ein peikepinn her er at vedtaket må innebere utøving av offentleg mynde. Avgjerder i personalsaker inneber eigentleg ikkje utøving av offentleg mynde, men slike saker vert likevel rekna som enkeltvedtak etter forvl. § 2, 2. ledd. Det er likevel ikkje klagerett på slike vedtak med unnatak for vedtak om suspensjonar og geografisk byrdefull forflytting. Tilsetjing, oppseiing og avskjed er unnateke frå klageretten etter forvl. § 3, ordensstraff finst berre i staten og klager i pensjonssaker går til Trygderetten.

I fylkeskommunen er det klagerett over m.a. vedtak om tildeling og tilbaketrekking av drosjeløyve, tildeling av tilskot som har vore utlyste, inntak av elevar, bortvising av elevar, fastsetjing av karakter og vedtak om avkøyrslar på fylkesveg. Det er vanlegvis ikkje klagerett over vedtak om tilskot som det ikkje finst særskild løyving til.

Det er først og fremst parten/partane i ei sak som har klagerett. Men også andre med rettsleg klageinteresse kan ha klagerett. Dette må vurderast konkret i kvart tilfelle.

2. Melding om vedtaket og klagefrist

Når det er gjort eit enkeltvedtak som går parten imot, skal han samstundes med melding om vedtaket ha melding om klagerett, klagefrist m.v. Vedtaket skal grunnigvast.

Vedlagde mønsterbrev nr 1 skal brukast når vedtaket er gjort av ein fylkesdirektør eller andre i administrasjonen. Vedlagde mønsterbrev nr 2 skal brukast når vedtaket er gjort av eit politisk utval. Som vedlegg til begge breva skal følgje "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak." Klagefristen er tre veker frå parten fekk melding om vedtaket. Mønsterbrev skal også brukast der ein søknad er imøtekomen, så langt det passar.

Når det er administrasjonen som gjer vedtaket, skal det i brevet skrivast ei kort framstilling av saka liknande ei saksframstilling til politisk utval, jfr mønsterbrev nr 1. Dette for at partane i saka skal kunne sjå kva som ligg til grunn for vedtaket. Det som vert skrive her vil vere viktig for klagenemnda si handsaming av saka

Dersom vedtaket gjeld tildeling av tilskot frå ein avgrensa pott må ein vente med utbetaling av tilskota til klagefristen er ute. Dei som har fått tildelt tilskot må då orienterast om dette. Eit alternativ til dette er å halde av ein sum for evt klagehandsaming. Ved tildeling av drosjeløyve må iverksetjinga av løyvet vente inntil klagefristen er ute og ei evt klage er avgjort.

3. Mindretalsanke

Dersom eit vedtak vert angripe ved mindretalsanke, er vedtaket ikkje endeleg før overinstansen har handsama mindretalsanken. Forvaltningsklage kan såleis ikkje framsetjast og handsamast før mindretalsanken er avgjort. Det er mest praktisk at parten ikkje får melding om vedtaket før mindretalsanken er avgjort.

KAP III - KLAGEINSTANS

Fylkestinget fastsette i sak 46/92 om iverksetjing av kommunelova at fylkesutvalet skal vere klageinstans for enkeltvedtak frå underordna organ, med visse unntak.

Følgjande oversikt viser dei ulike klageinstansane:

- **Departementet** er klageinstans for klager på fylkestinget sine vedtak. Dette myndet er delegert til fylkesmannen når det gjeld enkeltvedtak etter dei lover som vert forvalta av UFD.
- **Fylkestinget** er klageinstans for klager på enkeltvedtak gjort av fylkesutvalet.
- **Fylkesutvalet** er klageinstans for klager på enkeltvedtak i folkevalde og administrative organ under fylkesutvalet med følgjande unntak:
 - Statlege organ er klageinstans når vedtak er gjort etter mynde delegert frå eit statleg forvaltningsorgan.
 - Statlege organ er klageinstans i samsvar med særlover, jfr særleg opplæringslova, sjå kap V i denne handboka.

Kommunaldepartementet peikar på at når fylkesutvalet opptrer som klagenemnd er det viktig å skilje mellom funksjonane som fylkesutval og som klagenemnd. Klagesakene skal difor skiljast frå dei andre sakene ved ei eiga sakliste og eiga møtebok. Departementet peikar vidare på at det bør ikkje vere høve til å bruke mindretalsanke i fylkesutvalet ved handsaming av klagesaker då det vil medføre eit ekstra trinn i klagehandsaminga.

Møta i klageinstansen skal som hovudregel vere opne dersom ikkje omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier lukka møte, jfr kommunelova § 31.

KAP IV - SAKSGANGEN I KLAGESAKER

NB! Sjå kap V når det gjeld klage frå elevar og lærlingar.

1. Klagefrist

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til parten, jfr forvl. § 29. Dersom ei klage kjem etter fristens utløp kan underinstansen, eller evt. klageinstansen, avvise saka.

Vedkomande underinstans eller klageinstans kan i særlege tilfelle forlenge klagefristen før den er gått ut.

Dersom klagaren har oversete klagefristen, kan klaga likevel takast opp til handsaming dersom parten ikkje kan lastast for å ha oversete fristen eller dersom der er særlege grunnar som gjer det rimeleg at klaga vert prøvd, jfr forvaltningslova § 31. Det er i første omgang opp til underinstansen å avgjere dette. Ei klage kan likevel ikkje takast opp til handsaming dersom det har gått over eitt år sidan vedtaket vart gjort.

2. Klaga - adressat, form og innhald

Klaga skal setjast fram for underinstansen, dvs det organet som har gjort vedtaket, jfr forvl. § 32. I praksis vil det vere administrasjonen som tek imot klagene.

Klaga skal vere skriftleg, og den skal vere underskriven av parten eller hans fullmektig, t.d. advokat.

I klaga skal nemnast det vedtaket det vert klaga over og dei endringar ein ønskjer. Vidare bør klagaren nemne dei grunnar klagen byggjer på. Dersom klaga inneheld feil eller manglar, skal administrasjonen setje ein kort frist for retting eller utfylling.

3. Førebuing av klagesak

3.1. Varsel til motpart

Dersom det er fleire partar i ei sak og desse kan reknast som motpart, skal dei ha oversendt kopi av klaga, jfr forvl. § 33. Det skal då setjast ein frist for uttale til klaga. Vedlagde mønsterbrev nr 3 skal brukast til dette.

3.2. Handsaming i underinstansen

Klaga skal handsamast i underinstansen før den går til klageinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde det vedtaket som er påklaga, sjå likevel pkt 3.3 nedanfor.

Den fylkesdirektør/institusjon som førebudde saka ved første handsaminga i underinstansen skal også vanlegvis førebu klagesaka for handsaming i underinstansen. Vedlagt følgjer mal nr 1 som skal brukast ved framstilling av saka når eit politisk utval er underinstans.

Dersom det er ein fylkesdirektør som er underinstans, skal han handsame klaga i form av eit brev til klagaren. Vedlagde mønsterbrev nr 4 skal brukast til dette. I brevet skal skrivast ei vurdering av klaga der ein kommenterer påstandane i klaga og vurderer dei opp mot dei omsyn som låg til grunn

ved handsaminga. Det som vert skrive her vil vere viktig for klagenemnda si handsaming av klaga. Eventuelle andre partar i saka skal ha kopi av brevet.

Forvaltningslova seier at underinstansen skal foreta dei undersøkingar som den meiner klaga gir grunn til, og skal ta stilling til om den vil oppretthalde vedtaket sitt.

Dersom vilkåra for å handsame klaga ikkje ligg føre skal underinstansen avvise saka, t.d. når klaga kjem etter at fristen er ute eller klagaren ikkje har klagerett.

Underinstansen kan endre vedtaket sitt og gi klagaren medhald, anten heilt eller delvis. Dette kan vere aktuelt der det er kome fram nye opplysningar som stiller saka i eit anna lys. Klagesaka er då avslutta og skal ikkje vidare til klageinstansen. Det nye vedtaket i underinstansen kan påklagast på vanleg måte, og dette må det gjerast merksam på. Klage vil då særleg vere aktuelt dersom klaga berre er teken delvis til følgje, eller dersom der er fleire partar i saka.

Underinstansen kan ikkje omgjere vedtaket sitt til ugunst for klagaren.

Dersom underinstansen vedtek å halde fast på vedtaket sitt, skal saka sendast klageinstansen så snart som mogeleg. Alle dokumenta i saka skal då følgje med.

Partane skal ha tilsendt kopi av underinstansen si tilråding til klageinstansen så sant unntaksreglane i forvl. § 19 ikkje er til hinder for partsinnsyn. Vedlagt følgjer mønsterbrev nr 5 som skal brukast.

Det hender at klagaren kjem med eit nytt brev der han kommenterer underinstansen si vurdering av klaga. Dette bør han som regel få lov til sjølv om forvaltningslova ikkje gir han nokon slik rett. Brevet kan då kommentert i saksframstillinga til klagenemnda dersom det er tid til det, eller det kan ettersendast eller utdelast i møtet, så sant brevet inneheld opplysningar som har relevans for saka.

3.3. Kva organ som skal reknast som underinstans

Hovudregelen i forvaltningslova er at det organet som gjorde det påklaga vedtaket også er å rekne som underinstans ved klagehandsaminga. Dette passar ifølgje Kommunaldepartementet likevel ikkje alltid i kommunal forvaltning ut frå rettstryggleiksomsyn.

Departementet understrekar at når fylkesrådmannen delegerer avgjerdsmynde til ein etatsjef, så må han samtidig delegere mynde til å opptre som underinstans i evt klagesak. Dersom dette ikkje er gjort, er det fylkesrådmannen som må vere underinstans. Det kan også vere aktuelt at det næraste folkevalde organet er underinstans i eit slikt tilfelle.

I samsvar med delegeringsreglementet fastsett i F1-sak nr 26/04 og vidaredelegering frå fylkesrådmannen gjeld følgjande ordning for kven som skal kunne handsame ei klage som underinstans:

- Delegert avgjerdsmynde til hovudutval omfattar også mynde til å vere underinstans.
- Ved delegering av mynde til arbeidsutval eller anna organ under hovudutval, er det hovudutvalet som skal opptre som underinstans.
- Delegert mynde til fylkesrådmannen omfattar også mynde til å vere underinstans.
- Delegert mynde til ein fylkesdirektør omfattar også mynde til å vere underinstans.
- Ved delegert mynde frå fylkesrådmannen til andre i administrasjonen, er det fylkesrådmannen, fylkesdirektøren eller hovudutvalet som skal vere underinstans. Dette vert avgjort i delegeringsvedtaket.

I klagesaker etter veglova vil det vere den eininga i vegvesenet som gjorde det påklaga vedtaket som er underinstans.

4. Handsaming i klageinstansen

Dersom vilkåra for å handsame klaga ikkje er oppfylte, skal klageinstansen avvise saka. Det kan t.d. vere at klaga er sett fram for seint eller at klagaren ikkje har klagerett. Dersom klaga vert teken opp til handsaming gjeld det som står i punkta nedanfor.

Vedlagt følgjer mal nr 2 som skal brukast for framstilling av saka til klageinstansen. Det vil i praksis alltid vere fylkesrådmannen som førebur saka for klageinstansen. Dette kjem i hovudsak av dei strenge habilitetsreglane som gjeld for klagesaker, jfr kap VI nedanfor.

4.1. Klageinstansen si handsaming og kompetanse

Klageinstansen skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg, og kan evt påleggje underinstansen å utgreie saka ytterlegare.

Klageinstansen har kompetanse til å prøve alle sider av det påklaga vedtaket, både rettslege spørsmål, sakshandsaminga og det skjønnnet som er utøvd, jfr forvl. § 34. Klageinstansen skal vurdere dei synspunkt klagaren har framført, den kan ta omsyn til nye omstende i saka og kan og ta opp forhold som ikkje er nemnde i klaga.

Det er vanlegvis mest aktuelt å endre eit vedtak til gunst for klagaren, men det er og høve til å endre det til ugunst for klagaren. Det kan berre gjerast dersom ein finn at klagaren sine interesser må vike for "omsynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser", og det ikkje har gått meir enn tre månader sidan klaga vart framsett. Ei slik endring av vedtaket vil vere mest aktuell der vedtaket er påklaga av to motpartar.

4.2. Klageinstansen sitt vedtak

Klageinstansen kan anten ta klaga til følgje heilt eller delvis, eller ikkje ta den til følgje eller oppheve vedtaket og sende det attende til underinstansen for ny handsaming, jfr forvl § 34. Sjå elles kap V om særreglar i opplæringslova med forskrift.

Dersom klageinstansen ikkje tek klaga til følgje gjer den ingen endringar i vedtaket. Underinstansen sitt vedtak vert då stadfesta.

Dersom klageinstansen tek klaga til følgje heilt eller delvis, gjer den eit nytt vedtak. I vedtaket må det presiserast kva vedtaket går ut på, t.d. at drosjeløyvet vert tildelt N.N, jfr vedlagde mal nr 2.

Dersom klageinstansen meiner at vedtaket bør endrast, men at saka bør utgreiast betre først, kan den oppheve underinstansen sitt vedtak og sende saka attende til heil eller delvis ny handsaming. Underinstansen sitt nye vedtak kan då påklagast på vanleg måte.

Klageinstansen skal grunngi vedtaket sitt. Dersom vedtaket og grunnlaget for det er i samsvar med administrasjonen si saksframstilling, vil saksframstillinga ha funksjon som grunngiving. Dersom vedtaket avvik frå saksframstillinga, må klageinstansen sjølv formulere ei grunngiving i sjøve vedtaket.

4.3. Melding om vedtaket

Så snart klagesaka er avgjort skal klagaren underrettast skriftleg om vedtaket. Klagaren skal også ha tilsendt kopi av saksframstillinga til klageinstansen. Vedlagde mønsterbrev nr 6 skal brukast til dette. Det er vanleg vis fylkesrådmannen som sender ut dette brevet.

Eventuelle andre partar i saka skal også ha tilsendt vedtaket og saksframstillinga.

KAP V – KLAGERETT FOR ELEVAR OG LÆRLINGAR

Heimel:

- Opplæringslova § 12-6 og § 15-2
- Forskrift til opplæringslova kap 5 og § 4-67 og § 6-6.
- Forvaltningslova kap 6.

1. Klagesystem - klageinstans

Der er eit tospora klagesystem for elvar og lærlingar. Ein del klager vert handsama etter forvaltningslova og vert avgjort i fylkeskommunen sin klageinstans som er fylkesutvalet. Andre klager, og det er dei fleste, vert handsama etter opplæringslova og forskrifta med fylkesmannen eller andre som klageinstans. Desse to klagesystema har ulike reglar om klagerett, klagefrist, førebuing av klagesaka og klageinstansen sin kompetanse.

Reglane i opplæringslova og forskrifta er nokså innflokke og uoversiktlege. Elevane må forholde seg til seks ulike typar klageinstansar alt etter kva vedtaket handlar om. Desse er fylkesmannen, klagenemnd oppnemnd av fylkesmannen, den sentrale klagenemnda for fag- og sveineprøvar, fylkesutvalet som klagenemnd, fylkesdirektøren for opplæringsavdelinga og klagenemnd oppnemnd av fylkesdirektøren.

Ei utfordring vil ofte vere å identifisere kva type vedtak det gjeld slik at klaga vert sendt til den riktige klageinstansen og vert førebudd på riktig måte. Forskrifta til opplæringslova har særreglar om førebuing av klagesaker som avvik frå reglane i forvaltningslova.

Fylkeskommunen hadde tidlegare ei eiga klagenemnd i fylkeskommunen for elevinntak og bortvising av elevar. Nemnda vart nedlagt i 2003 (FT-sak 24/03) fordi fylkesmannen då var blitt klageinstans for dei fleste sakene om elevinntak. Det er no fylkesutvalet som klagenemnd som handsamar desse klagenemndane også.

Når fylkesutvalet opptrer som klagenemnd vert det brukt eiga sakliste og eiga møtebok. Det er såleis ikkje fylkesutvalet som handsamar klagesakene, men fylkesutvalet i funksjonen som klagenemnd.

Følgjande oversikt viser klageinstansane og kva vedtak som kan påklagast til dei:

<u>Enkeltvedtak som kan påklagast</u>	<u>Klageinstans</u>
- Vedtak om inntak og spesialundervisning	fylkesmannen
- Vedtak om inntak til særskilt grunnkurs etter sakkunnig vurdering fylkesmannen	

- | | |
|---|---|
| - Vedtak om oppl ring inntil to  r ekstra,   3-1, 5. ledd | fylkesmannen |
| - Vedtak om tap av retten til vidg.oppl ring,   3-8 og   4-6 | fylkesmannen |
| - Vedtak om kva grunnkurs eller vidareg ande kurs eller kva skule s kjar skal takast inn p  etter   3-1 | fylkesutvalet |
| - Vedtak om vidareg ande oppl ring ut over tre  r etter   3-1 | fylkesutvalet |
| - Vedtak av rektor om bortvising inntil 5 dagar etter   3-8 | fylkesutvalet |
| - Vedtak om bortvising for resten av kurset etter   3-8 og   4A-9 | fylkesutvalet |
| - Vedtak om vidareg ande oppl ring for vaksne,  4A-4 og forskrifta   4-59 flg. | fylkesutvalet |
| - Vedtak om skyss etter   13-4 og friskulelova   3-7, 2. ledd | fylkesutvalet |
| - Vedtak i fagoppl ringsnemnda,   3-5,   4-5,   4-6, og forskrifta   11-13 | fylkesutvalet |
| - Vedtak i pr venemnda,   12-6, forskrifta   5-14, klage over bed ming av praktisk del av fagpr ven | klagenemnda for fag- og sveinepr var |
| - Vedtak i pr venemnda, forskrifta   5-14, klage grunngitt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold | fylkesutvalet |
| - Vedtak om godkjenning av l rekontrakt som avvik fr  oppl ringsstrukturen i faget,   3-3, 3.ledd, forskrifta   11-13 | fylkesutvalet |
| - Karakter til skriftleg sentralt gitt avgangspr ve/eksamen, forskrifta   5-9 | fylkesmannen
oppnemner
klagenemnd |
| - Karakter til skriftleg lokal gitt avgangspr ve/eksamen, forskrifta   5-9 | fylkesdirekt ren
oppnemner
klagenemnd |
| - Karakter ved munnleg avgangspr ve/eksamen, forskrifta   5-10 | fylkesdirekt ren |
| - Eksamensresultat ved anna, ikkje skriftleg eksamen, forskr.   5-11 | fylkesdirekt ren |
| - Standpunkt karakterar, forskrifta   5-12 | fylkesdirekt ren |
| - Karakter i orden og  tferd, forskrifta   5-13 | fylkesdirekt ren |

2. Vedtaket – skriftleg melding - grunngiving

Vedtaket

Klageretten gjeld berre enkeltvedtak, dvs vedtak som gjeld rettar eller plikter til bestemte personar, forvl. §§ 2 og 28. Vedtaka nemnde i pkt 1 ovafor er slike vedtak. Fastsetjing av ordensreglement er ikkje enkeltvedtak for det gjeld ei større gruppe av varierende personar.

Vedtaket skal vere skriftleg, forvl. § 23. Elektronisk melding kan brukast dersom informasjonen i meldinga er tilgjengeleg for ettertida, forvl. § 2, g. I fylkeskommunen har vi plikt til å bruke K2000, det skal ikkje gjerast vedtak i epost. Bruk av melding på mobiltelefon stettar neppe kravet om lagring for ettertida. Slik melding bør følgjast opp med brev, særleg der det er viktig å opplyse om klagerett.

Det er viktig at vedtaket er klart og eintydig, og at det inneheld ei avgjerd. Ei fråsegn eller ei innstilling vil ikkje vere ei avgjerd. Ei fråsegn frå rektor i ei sak om å ta frå ein elev retten til vidaregåande opplæring er såleis inga avgjerd, og kan ikkje påklagast. Klageretten vil vere knytta til hovudutvalet sitt vedtak. Det er laga ein mal for brevet som skal skrivast, sjå vedlagde mønsterbrev nr 1.

Grunngiving

Vedtaket skal grunngivast, og det skal gjerast samtidig med at vedtaket vert utsendt. Dette er viktig m.a. dersom søknaden ikkje er imøtekomen, eleven ikkje har fått første valet sitt eller dersom nokon skal utvisast. Kravet om grunngiving gjeld og ved bruk av melding på mobiltelefon. Dersom vedtaket ikkje vart grunngive, skal grunngiving givast etterpå dersom eleven ber om det.

Det er viktig at grunngivinga er så konkret som muleg. Det er vanlegvis ikkje nok å vise til generelle omstende som t.d. knappe midlar. Opplæringslova § 5-3, 4. ledd har ein særregel om særskilt grunngivingsplikt dersom vedtaket ikkje er i samsvar med den sakkunnige vurderinga. Sjå meir om dette i Utdannings- og forskningsdepartementet si vegleiing frå 2004 om regelverk og prosedyre ved spesialundervisning.

I forskrifta § 5-7 er det særreglar for karakterar. Karakterar skal ikkje grunngivast samtidig med at dei vert fastsett, men først når eleven ber om det etterpå. Det kan ikkje krevjast grunngiving for karakter til skriftleg eksamen.

Klagefrist

I brevet skal opplysast om klagerett og klagefrist. Det skal sendast med ei orientering om klagerett, jfr vedlegget på s.19 i denne handboka. Det hender at eleven ber om forlenging av klagefristen. Dette bør imøtekomast, særleg dersom vedtaket mangla grunngiving.

Den alminnelege klagefristen etter forvaltningslova er tre veker. For klage på karakter gjeld ein frist på 10 dagar, jfr forskrifta § 5-5.

3. Saksgangen i klagesaker

Dette er meir utførleg omtala i kap IV ovanfor. Her vert spesielt omtala særreglane i opplæringslova og opplæringsforskrifta.

Klagerett

Den er vanlegvis den som er part i saka som har klagerett, det vil i desse sakene seie eleven, lærlingen o.l. Når det gjeld klage over karakter seier forskrifta § 5-2 at foreldra til umyndige har sjølvstendig klagerett, dei kan såleis klage sjølv om eleven ikkje ønskjer det.

Klaga

Klaga skal vere skriftleg, og skal vere underskriven av klagaren eller hans fullmektig. Dersom eleven er under 15 år kan han ikkje klage utan skriftleg samtykke frå foreldra.

I klaga skal nemnast det vedtaket det vert klaga over og dei endringar ein ønskjer, og kva grunnar klaga byggjer på. Dersom klaga er mangelfull, bør klagaren oppmodast om å gi utfyllande opplysningar. Klagaren har krav på rettleiing og hjelp frå fylkeskommunen til å skrive klaga.

Kvar skal klaga sendast?

Hovudregelen i forvl. § 32 er at klaga skal sendast det forvaltningsorganet som gjorde vedtaket. Forskrifta § 5-4 har særreglar når det gjeld klage over karakter. Klaga skal sendast den skulen der klagaren er elev. Klage som gjeld fag-/sveineprøve skal sendast til fagopplæringsnemnda. Desse ordningane krev at ein har interne rutinar om saksgangen vidare.

Kven er underinstans?

Forvl. § 33 seier at ei klage skal handsamast i underinstansen før ho går vidare til klageinstansen. Underinstansen er vanlegvis den som gjorde det første vedtaket, men det gjeld ikkje alltid. I fylkeskommunen har vi ei avgrensing i delegeringsreglementet kap 2.6. som seier at ingen under fylkesdirektøren kan vere underinstans i klagesaker. Skulane kan såleis ikkje vere underinstans. Heller ikkje andre i opplæringsavdelinga enn fylkesdirektøren sjølv kan opptre som underinstans.

Forskrifta kap 5 har særreglar om førebuing av klagesaker, her er det ingen handsaming i underinstans i forvaltningslova sin forstand. Her står at rektor skal gi fråsegn eller innhente fråsegn frå faglærer eller sensor, og sende dette til klageinstansen med si fråsegn, §§ 5-10, 5-11, 5-12 og 5-13. I § 5-14 står at klage over bedømming av den praktiske delen av fag-/sveineprøva skal sendast fagopplæringsnemnda som sender klaga vidare til prøvenemnda. Det står ikkje noko om at prøvenemnda eller fagopplæringsnemnda skal gi fråsegn til klaga som ein slags underinstans før klaga går til den sentrale klagenemnda, men det vil vere naturleg at den eine eller begge desse nemndene gir fråsegn, og at dei evt omgjer vedtaket slik klageordninga er etter forvaltningslova.

Klaga skal altså som hovudregel sendast til det organet som gjorde det første vedtaket, som deretter sender saka vidare til den formelle underinstansen. Den skulen eller andre som gjorde det første vedtaket skal skrive ei utgreiing om saka til fylkesdirektøren og gi sine kommentarar til klaga. Fylkesdirektøren kan gjerne bruke rektor som sakshandsamar på brevet som skal utsendast, men det skal altså underskrivast av fylkesdirektøren.

Handsaming i underinstansen

Underinstansen skal vurdere og kommentere påstandane i klaga, og ta stilling til om det er grunn til å endre vedtaket og såleis imøtekome klaga. Det skal altså gjerast eit nytt vedtak. Nye opplysningar eller eit grundigare vurderingsgrunnlag kan vere moment som gir grunnlag for å endre vedtaket heilt eller delvis. Då går saka ikkje vidare til klageinstansen.

Underinstansen sitt nye vedtak kan då påklagast, og dette skal det opplysast om i brevet til klagaren. Underinstansen kan ikkje omgjere vedtaket til ugunst for klagaren.

Dersom vedtaket ikkje vert omgjort i underinstansen, skal saka vidare til klageinstansen. Underinstansen må då i vurderinga si skrive kvifor den held fast på vedtaket.

Underinstansen si vurdering skal skrivast i eit brev som er stila til klagaren slik vedlagde mønsterbrev nr 4 viser. Det er viktig å leggje ein del arbeid i dette brevet, for det er eit viktig dokument for klageinstansen. Når dette er gjort skal saka oversendast klageinstansen med alle dokumenta i saka.

Det hender at klagaren kjem med eit nytt brev der han kommenterer underinstansen si vurdering av saka. Dette må han få lov til. Brevet vert då kommentert i saksframstillinga til klagenemnda dersom det er tid til det, eller det vert ettersendt eller delt ut i møtet.

4. Handsaming i klageinstansen

Når det er fylkesutvalet som er klageinstans er det fylkesrådmannen som førebur klagesaka. Kommuneleva § 40, nr 3 c) har særreglar om habilitet ved klagebehandling. Den som har delteke ved førebuinga av saka til underinstansen er ugild til å førebu saka for klageinstansen. Fylkesdirektøren og hans underordna er såleis ugilde til å førebu ei sak for klageinstansen.

Når fylkesmannen er klageinstans er det ingen førebuing av saka i fylkeskommunen etter at underinstansen har gjort nytt vedtak. Ved klage over karakterar skal rektor gi fråsegn etter reglane i kap 5 i forskrifta.

Klageinstansen kan prøve alle sider ved saka. Klageinstansen kan ta klaga til følgje heilt eller delvis, eller ikkje ta ho til følgje. Dersom klageinstansen finn at underinstansen si handsaming av saka er mangelfull, kan han sende saka attende til underinstansen for ny handsaming.

Ved klage over karakterar er det elles slik at klageinstansen i nokre tilfelle kan fastsetje ny karakter, i andre tilfelle berre oppheve vedtaket og sende saka attende til skulen for ny handsaming. Dette er detaljert regulert i forskrifta §§ 5-9, 5-10, 5-11, 5-12, 5-13 og 5-14.

Klageinstansen kan vanlegvis ikkje endre eit vedtak til skade for klagaren, jfr forvl. § 34, 3. ledd. Ved klage over karakter kan klageinstansen endre karakteren til ugunst for klagaren, jfr forskrifta § 5-3.

Klageninstansen skal grunngi vedtaket sitt, den må difor skrive kvifor klaga ikkje kan takast til følgje. Avgjerda er endeleg og kan ikkje påklagast vidare.

Når fylkesutvalet som klagenemnda har gjort vedtaket sitt, sender fylkesrådmannen melding til klagaren med kopi til underinstansen. Underinstansen har ansvaret for oppfølging av det som evt skal gjerast etterpå.

KAP VI - HABILITET

Kommuneleva har i § 40 nr 3 c) særlege reglar om habilitet ved klagehandsaming. Desse kjem i tillegg til habilitetsreglane i forvaltningslova § 6 flg. Dersom habilitetsreglane ikkje vert følgde, kan ein risikere at vedtaket vert ugyldig.

Ein arbeidstakar som har delteke ved førebuing av saka for underinstansen er ugild til å førebu saka når ho skal fram for klageinstansen. Døme: Fylkesdirektøren, herunder seksjonsleiaren, er ugild til å førebu ei klagesak for fylkesutvalet når han har førebudd same sak for samferdsleutvalet som underinstans.

Dersom ein overordna er ugild, vert også ein underordna ugild. Han kan då korkje førebu saka for klageinstansen eller delta som medlem i klageinstansen.

Ver merksam på at habilitetsreglane ikkje gjeld ved førebuing av klagesaka for ny handsaming i underinstansen.

Habilitetsreglane er til hinder for at vi kan bruke prinsippet om fullført sakshandsaming i klagesaker. Det er berre fylkesrådmannen sjølv som kan skrive vurdering av klaga og tilråding til fylkesutvalet dersom fylkesdirektøren har førebudd saka for underinstansen

Habilitetsreglane er også skjerpa for medlemene av klageinstansen. Ein folkevald er ugild i klageinstansen når han tidlegare i saka har vore med på avgjerda i underinstansen. Døme: Medlem av samferdsleutvalet vil vere ugild når ei drosjeløyvesak skal handsamast som klagesak i fylkesutvalet og han altså er medlem der og.

KAP VII - ANDRE SPØRSMÅL I KLAGESAKER

1. Utsett iverksetjing

Dersom eit enkeltvedtak vert iverksett straks, vil klageretten vere til lita hjelp i saker der fleire har søkt om t.d. eitt løyve. Forvl. § 42 gir difor underinstansen høve til vedta at vedtaket ikkje skal iverksetjast før klagefristen er ute. Dette må då i tilfelle takast inn i sjølve vedtaket saman med tildelinga av løyvet. Klageinstansen har tilsvarende mynde til å vedta utsett iverksetjing inntil klaga er avgjort.

Når ein part går til søksmål for å få vedtaket frå klageinstansen prøvd ved domstolane, kan klageinstansen bestemme at iverksetjinga skal utsetjast inntil det ligg føre rettskraftig dom.

Når det vert vedteke slik utsett iverksetjing, kan det samstundes setjast vilkår for utsetjinga. Dersom vilkåra ikkje vert følgje, kan vedtaket iverksetjast.

Eit evt avslag på søknad om utsett iverksetjing skal grunngivast.

2. Dekking av sakskostnader

Når klageinstansen eller underinstansen endrar eit vedtak til gunst for ein part skal parten som hovudregel ha dekkja vesentlege sakskostnader som har vore nødvendige for å få endra vedtaket, jfr forvl. § 36. Kostnadene vil som regel vere utgifter til advokathjelp.

Det er fylkesutvalet som avgjer søknader om dekking av sakskostnader.

Ein part som får medhald i klaga si skal orienterast om retten til å kreve dekking av sakskostnader, jfr mønsterbrev nr 6.

3. Innsynsrett i saksdokumenta

Ein part har som hovudregel rett til å krevje innsyn i sakas dokument, jfr forvl. §§ 18 og 19. Dersom der er fleire partar som søker om eit gode eller løyve, vert dette å rekne som ei og same sak. Partane har då rett til å sjå søknadene til kvarandre. I ei klagesak har dei rett til å sjå klagene til kvarandre.

Dersom der i søknadene eller klagene er opplysningar som er underlagt teieplikt etter forvaltningslova, har partane teieplikt om dette og dei skal gjerast merksame på dette.

I klagesaker har partane elles rett til å sjå saksframstillinga til underinstansen og klageinstansen. Dei har ikkje rett til å sjå interne notat eller dokument utarbeidde av rådgivarar eller sakkunnige.

Mønsterbrev nr 1 Melding om administrativt vedtak i første instansen

Til søkeren

SØKNAD OM ELEVINTAK/DROSJELØYVE/TILSKOT/ AVKØYRSLE M.V.

Fylkesdirektøren for har handsama søknaden Dykkar dagsettog gjort slikt vedtak:
.....

Bakgrunnen for vedtaket er følgjande :

.....

(Her skal skrivast ei kort utgreiing om saka liknande ei saksframstilling til politisk utval.)

Grunngevinga for vedtaket er at

.....

(Berre skrivast dersom søknaden ikkje er imøtekomen eller dersom fleire søkjarar konkurrerer om eit gode)

(Dersom søknaden ikkje er imøtekomen skal dette skrivast):

Fylkesdirektøren sitt vedtak kan påklagast til fylkesutvalet som klagenemnd (eller anna klagenemnd) innan tre veker etter at dette brevet kom fram til Dykk. Til nærare orientering følgjer "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak."

(Dersom søkeren har fått drosjeløyve skal dette skrivast):

Dersom vedtaket vert påklaga av andre partar i saka, kan De risikere at vedtaket vert endra til ugunst for Dykk.

(Dersom søkeren har fått tilskot og det ikkje er sett av reservemidlar skal dette skrivast):

Dersom vedtaket vert påklaga av andre partar i saka kan vedtaket bli endra til ugunst for Dykk, og tilskotet kan såleis bli redusert eller falle bort.

(Felles for alle alternativa):

Klagenemnda har kompetanse til å prøve alle sider av det påklaga vedtaket, både rettslege spørsmål, sakshandsaminga og det skjønnsette som er utøvd. Klagenemnda kan anten ta klaga til følge, eller ikkje ta den til følge eller oppheve vedtaket og sende det attende til underinstansen for ny handsaming.

Helsing

Kopi: Andre partar i saka

Til søkeren

SØKNAD OM TILSKOT

Kulturutvalet har i møte den 13.6.94, sak 300/94, tildelt kulturmidlar og gjort slikt vedtak:

.....

.....

(Ta inn vedtaket)

Til orientering følgjer saksframstillinga til kulturutvalet.

(Dersom søkeren ikkje har fått søknaden imøtekomen skal dette skrivast):

Kulturutvalet sitt vedtak kan påklagast til fylkesutvalet som klagenemnd innan tre veker etter at dette brevet kom fram til Dykk. Til nærare orientering følgjer "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak."

(Dersom søkeren har fått tilskot og det ikkje er sett av reservemidlar skal dette skrivast):

Dersom vedtaket vert påklaga av andre partar i saka kan vedtaket bli endra til ugunst for Dykk, og tilskotet kan såleis bli redusert eller falle bort.

(Felles for begge alternativa):

Klagenemnda har kompetanse til å prøve alle sider av det påklaga vedtaket, både rettslege spørsmål, sakshandsaminga og det skjønnet som er utøvd. Klagenemnda kan anten ta klaga til følgje, eller ikkje ta den til følgje eller oppheve vedtaket og sende det attende til underinstansen for ny handsaming.

Med helsing

Kopi: Andre partar i saka

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK**-----
1) Namnet på forvaltningsorganet

2) Mottakar/part

3) Klageinstans4) Dato

De kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal først sendast til det organet De får denne meldinga frå (jf. rubrikk 1). Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket sitt som følgje av klaga, vil ho bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk oppgi når De mottok denne meldinga.

Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Har De særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få klagefristen forlengd. De bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom De ikkje har fått grunngeving for vedtaket, kan De krevje å få det no. Kravet må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt De får grunngevinga.

I klaga skal De nemne kva vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klaga.

Klaga må underskrivast.

Sjølv om De har klagerett kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. De kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt Dykk denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan De også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for sakshandsaminga elles.

Mønsterbrev nr 3**Melding til dei andre partane i saka**

Til dei andre partane i saka

**VARSEL OM KLAGE OVER VEDTAK OM TILDELING AV DROSJELØYVE I
.....KOMMUNE**

N.N. har påklaga fylkesdirektøren sitt vedtak av om tildeling av drosjeløyve i kommune..
Vedlagt følgjer kopi av klaga.

De har høve til å gi fråsegn til klaga innan

Vi gjer merksam på at De har teieplikt om opplysningane i klaga, jfr forvaltningslova 13 b, 2. ledd.

Med helsing

Saksframstilling**1. Handsaming av søknaden i kulturutvalet**

Kulturutvalet gjorde i møte den 13.6.94, sak 300/94, slikt vedtak:

(ta inn vedtaket)

I saksframstillinga til kulturutvalet heiter det:

(ta inn saksframstillinga)

2. Vurdering av klaga

N.N. har påklaga kulturutvalet sitt vedtak i brev av 30.6.94, jfr vedlegg.

(Deretter følgjer ei vurdering av klaga der ein kommenterer påstandane og vurderer dei opp mot dei omsyn som låg til grunn ved handsaminga av søknaden. Vurderinga skal konkludere med at utvalet anten held fast på vedtaket sitt eller omgjer det.)

3. Tiltråding til vedtak

Alt 1:

Klaga frå N.N over kulturutvalet sitt vedtak i sak nr 300/94 vert ikkje teken til følge.
Saka vert oversend klagenemnda.

Alt 2:

Klaga frå N.N. over kulturutvalet sitt vedtak i sak nr 300/94 vert teken til følge. Tilskot kr vert såleis tildelt N.N.

Alt 3:

Klaga frå N.N. over kulturutvalet sitt vedtak i sak nr 300/94 vert teken delvis til følge. Tilskot kr vert såleis tildelt N.N. Dette vedtaket kan påklagast til klagenemnda innan tre veker.

Alt 4:

Saka vert avvist. (Som regel anten avdi klagefristen var overskriden eller avdi klagaren ikkje har klagerett.)

Mønsterbrev nr 4 Melding om handsaming av klaga i administrativ underinstans

Til klagaren

KLAGE OVER ELEVINTAK/TILDELING AV DROSJELØYVE/VEDTAK OM AVKØYRSLE - UNDERINSTANSEN SI HANDSAMING

Vi viser til brevet ditt dags..... der du klagar over fylkesdirektøren for sitt vedtak av om

Fylkesdirektøren har som underinstans handsama klaga før den evt går vidare til klagenemnda.

(Deretter skal skrivast ei vurdering av klaga der ein kommenterer påstandane og vurderer dei opp mot dei omsyn som låg til grunn ved handsaminga. Vurderinga skal konkludere med at fylkesdirektøren anten held fast på vedtaket sitt eller omgjer det)

Vedtak

Alt 1:

Klage frå N.N. over fylkesdirektøren sitt vedtak av
vert ikkje teken til følgje. Saka vert oversendt klagenemnda.

Alt 2:

Klage frå N.N. over fylkesdirektøren sitt vedtak av
vert teken til følgje. N.N. får såleis elevplass ved...../N.N. vert såleis tildelt løyve ikommune.

Alt 3:

Klage frå N.N. over fylkesdirektøren sitt vedtak av
vert teken delvis til følgje. N.N. får såleis eit tilskot på kr 10.000. Dette vedtaket kan påklagast til klagenemnda innan tre veker.

Alt 4:

Saka vert avvist. (Som regel anten avdi klagefristen var overskriden eller avdi klagaren ikkje har klagerett.)

Med helsing

Kopi: Andre partar i saka

Mønsterbrev nr 5 Melding om handsaming av klaga i politisk underinstans

Til klagaren og evt andre partar

KULTURUTVALET SI HANDSAMING AV KLAGE VEDR. TILSKOT

Kulturutvalet har i møte den 2.8.94, sak 350/94, handsama klage frå N.N. over kulturutvalet sitt vedtak i sak 300/94. Det vart gjort slikt vedtak:

(ta inn vedtaket)

I saksframstillinga til kulturutvalet heiter det: (ta inn)

(Dersom kulturutvalet tok klaga til følge, skal dei andre partane orienterast om at dei har klagerett over utvalet sitt vedtak. Dette er berre aktuelt dersom vedtaket kan få følgjer for dei.)

(Dersom kulturutvalet ikkje tok klaga til følge, skal det skrivast at saka no går til klageinstansen og vil bli avgjort der ca den)

Med helsing

Saksframstilling**1. Handsaming av søknaden i kulturutvalet**

Kulturutvalet gjorde i møte den 13.6.94, sak 300/94, slikt vedtak:

(ta inn vedtaket)

I saksframstillinga til kulturutvalet heiter det: (ta inn)

2. Handsaming av klaga i kulturutvalet

N.N. har i brev av 30.6.94 påklaga kulturutvalet sitt vedtak i sak 300/94, jfr vedlegg 2. Han har m.a. peika på følgjande

Kulturutvalet handsama klaga i møte den 1.8.94, sak 350/94, og gjorde slikt vedtak:

(ta inn vedtaket)

I saksframstillinga til kulturutvalet heiter det: (ta inn)

3. Fylkesrådmannen si vurdering og tilråding

4. Tilråding til vedtak

Alt 1:

Klage frå N.N. over kulturutvalet sitt vedtak i sak 300/94 vert ikkje teken til følgje.

Alt 2:

Klage frå N.N. over kulturutvalet sitt vedtak i sak 300/94 vert teken til følgje. Tilskot kr vert såleis tildelt N.N.

Alt 3:

Klage frå N.N. over kulturutvalet sitt vedtak i sak 300/94 vert teken delvis til følgje. Tilskot kr vert såleis tildelt N.N.

Alt 4:

Kulturutvalet sitt vedtak i sak 300/94 vert oppheva og saka vert sendt attende for ny handsaming i kulturutvalet.

Alt 5:

Saka vert avvist (Som regel anten avdi klagefristen var overskriden eller avdi klagaren ikkje har klagerett.)

Til klagaren og evt andre partar i saka

KLAGE OVER KULTURUTVALET SITT VEDTAK I SAK 300/94

Vi viser til Dykkar klage i brev dags.

Fylkesutvalet som klagenemnd har i møte den 1.9.94, sak 10/94, handsama klaga frå N.N. og det vart gjort slikt vedtak:

.....

.....

(ta inn vedtaket)

Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan såleis ikkje påklagast vidare.

I fylkesrådmannen saksframstillinga til klagenemnda heiter det:

(Dersom klagaren fekk medhald, skal følgjande stå i brevet til klagaren:

"De har rett til å krevje dekking av vesentlege sakskostnader i medhald av forvaltningslova § 36 dersom særlege forhold ikkje talar imot det. Dette vil særleg vere evt. utgifter til advokathjelp.")

Med helsing